

# Informasjon til elevar og føresette på ungdomstrinnet

---



Me vil vera med å gje elevane  
røter og venger  
slik at dei blir i stand til å meistra livet

<https://www.bjerkreim.kommune.no/vikesa-skule/>

[vikesaa.skule@bjerkreim.kommune.no](mailto:vikesaa.skule@bjerkreim.kommune.no)

tlf. sentralbord: 51459300

**Vel møtt til eit nytt skuleår, og som føresette til elev på ungdomsskulen!**

Å vera elev på ungdomsskulen kan vera utfordrande på mange ulike måtar! Du er blitt eldre og må ta meir ansvar for deg sjølv. Du er likevel ikkje gammal nok til å ta ansvar for alt sjølv, og både du og skulen er avhengige av at føresette støttar opp om skulekvardagen din. Dei må hjelpa deg med **gode rutinar** for orden/åtferd og følgja med på skulearbeidet ditt. Dette gjer dei ved å leggja til rette for at du får gjort lekser, høyra deg i lekser og hjelpa deg med førebuing til prøvar. Når du er på skulen, er det viktig at du får **arbeidsro**, og at lærarane ser deg og det arbeidet du gjer.

**Informasjonen i dette heftet er det viktig at både du og foreldra dine les.** Her er det informasjon som gjeld alle tre åra på ungdomsskulen.

Det er viktig for oss at du veit kva du skal læra, og kva du må arbeida med for å bli best mogleg. Difor er det i kvart fag viktig at du kjenner kompetansemåla og karakterkriteria og får ei **vurdering** undervegs. Dette får du både i form av karakterar og skriftlege og munnlege tilbakemeldingar frå læraren din.

På Vikeså skule er me opptatt av at du skal bli god til å lesa. **Å lesa er viktig** i alle fag. Det er viktig for at du skal læra det du skal. Ikkje noko kjem av seg sjølv. Skal du bli god å spela piano, må du øva på piano. Skal du bli god å spela fotball, må du trenast på å spela fotball, og skal du bli god å lesa, må du lesa!. For elevar med lese- og skrivevansker er dette spesielt utfordrande. Dei treng ekstra trening, og vil få hjelpemiddel som skal gjera lesinga lettare for dei.

Me er opptatt av at alle skal ha det bra på skulen. Difor har me **nulltoleranse for krenkande åtferd**. Med det meiner me ikkje at det aldri førekjem krenkingar på skulen vår, men om det skjer, skal du vera trygg på at me tek tak i det. Viss elevar er ufine med kvarandre, kan ikkje skulen ordna opp i dette åleine. Då tek me kontakt med foreldra til dei involverte elevane, og finn saman ei løysing på åtferda. Om du vel å fortelja mor eller far om ugreie opplevingar, går me ut frå at dei tek kontakt med skulen. Du skal ha det trygt og godt hos oss, og då må me vera tydelege på kva me som skule står for, og kva me forventar av deg og dei rundt deg.

**Skuleåret 2024/25 tek til torsdag 15. august kl.08.05.**

Med ønske om eit fint og lærerikt skuleår;

Svanhild Gjedrem

Vegard Audenby

Lars Kristian Ramsli Larsen

Rektor

Inspektør 8.-10.trinn

Inspektør 1.-7.trinn

**DETTE FINN DE INFORMASJON OM PÅ NETTSIDA VÅR**[www.vikesa-skule.no](http://www.vikesa-skule.no)

Dette infoheftet

Skuleruta

Aktivitetsplan for skulen

Personalet

Helsetenesta

Presentasjon av skulen

Kollektive ferdigheiter

Ulike skjema de som foreldre treng tilgang til  
(søknad om fri og fråværs skjema)

Kommunalt orden og åtferdsreglement

**Elev-portalen i Google**<https://sites.google.com/bjerkreimskular.no/vikesa-skule>

- Vekeplanar og årsplanar for kvart klassetrinn
- Lenker og snarveger til aktuelle digitale verktøy
- Er "startside" til alle elev-brukarane i Google (du kan trykka på "heim"-knappen for å koma til denne sida).

**FORVENTNINGAR TIL ELEVEN****Skulen forventar at:**

- eleven møter presis til undervisninga, utkvilt, mett og rein, og med nødvendig utstyr
- eleven tar omsyn til andre og viser god framferd
- eleven respekterer dei vaksne og deira avgjersler
- eleven held orden i skulesakene sine
- elevane følgjer ordens-/og trivselsreglane ved skulen
- eleven tar vare på skulen sin
- eleven deltar aktivt i undervisninga
- eleven gjer så godt han/ ho kan

**FORVENTNINGAR TIL FØRESETTE****Skulen forventar at:**

- føresette samarbeider positivt og konstruktivt med skulen
- føresette tar medansvar for eleven si framferd på skulen
- føresette tar medansvar for eleven si læring og utvikling, og for skulemateriell
- føresette tek medansvar for at eleven møter presis til undervisninga, utkvilt, mett og rein, og med nødvendig utstyr
- føresette passar på at elevane har med sunn mat og drikke på skulen
- føresette rosar innsats og framsteg som eleven gjer
- føresette møter opp på foreldremøte, heim-skule samtalar og andre aktivitetar i skulesamanheng
- føresette tar sin tørn i råd og utval
- føresette kontaktar skulen dersom dei har spørsmål eller er ueinige i noko

**FORVENTNINGAR TIL SKULEN****Elevar og føresette kan forventa at:**

- skulen gjennomfører undervegsvurdering gjennom individuelle samtalar
- skulen kallar inn til 2 heim- skule samtalar årleg
- skulen kallar inn til 1-2 foreldremøte i året
- skulen førebur foreldremøta i samarbeid med klassekontakt
- skulen reagerer raskt når ein er bekymra for ein elev, og tar det opp med føresette
- skulen er open for tilbakemeldingar, har brukarundersøkingar og vurderer eiga verksemd

- skulen arbeidar i følgje fast oppsett plan ved problem med uønska åtferd.
- skulen arbeidar kontinuerleg med sosial kompetanse blant anna gjennom å øva på Kollektive ferdigheiter
- skulen er open for tilbakemeldingar, har brukarundersøkingar og vurderer eiga verksemd.
- skulen orienterer om aktuelle saker gjennom møte, info. skriv og heimesida vår

## HEIM – SKULE - SAMARBEID

### Vi minner først om teieplikta:

Eit trygt og tillitsfullt samarbeid kviler bl.a. på at alle partar hugsar på teieplikta. Eit tettare samarbeid med skulen inneber at ein kan få innsyn i forhold som har med enkeltelevar å gjera. Vi har i det heile plikt til å respektera personvernet til alle som arbeider i skulesamfunnet.

### Innsynsrett

Elevar og deira føresette har etter personregisterloven §7, 1. og 2. ledd rett til innsyn. Det vil seia at dei har rett til å gjera seg kjende med dokument/rapportar skulen måtte ha om eleven.

## FORELDRE SOM IKKJE BUR SAMAN

### 1. Info i dei tilfella der foreldre har felles foreldreansvar.

- Begge foreldra har rett til same info om barnet sin skulegang. Den av foreldra som barnet *ikkje* bur hos, **vender seg då til skulen og ber om å få informasjonen direkte til seg sjølv.** Då vil dette gå automatisk kvar gong slik blir sendt. Unntak frå dette er dei reint daglegdagse beskjedar så som skulebøker, gymtøy osv.
- Dersom skulen ikkje får oppmoding om å gi nemnde info, treng dei heller ikkje gje det på eige initiativ.

### 2. Info i dei tilfella der foreldre *ikkje* har felles foreldreansvar.

- Den av dei biologiske foreldra som ikkje har foreldreansvar, har rett til informasjon om barnet sin skulegang **når det blir bede om det.** Skulen skal m.a.o. informera **på oppmoding i kvart einskild tilfelle.** Den som ikkje har foreldreansvar, kan såleis ikkje krevja generelt å bli halden løypande orientert om skulegangen slik ein kan ved felles ansvar.
- Dersom skulen gir avslag på å gi opplysningar, bør det grunngjevast skriftleg på grunn av moglegheita til å klaga.

### 3. Deltaking på foreldremøte m.m.

- Foreldre med felles ansvar, har same rett til å delta på foreldremøte.
- Biologiske foreldre som ikkje har del i foreldreansvaret, kan delta *dersom den som har ansvaret gir sitt samtykke.*
- Når det gjeld informasjon (her under deltaking på foreldremøte) til *andre personar som ikkje er biologiske foreldre* (ny ektefelle, sambuar, nære familiemedlem), kan det bli gitt dersom vedkommande har skriftleg samtykke til det *frå begge som har foreldreansvar.*

### 4. Både når foreldra har felles ansvar og når dei ikkje har, skal det takast omsyn til følgjande:

- Det er opplysningar om *barnet* og barnet si stode ein har krav på å få vita. Opplysningar som gjeld den av foreldra som barnet bur fast saman med, eller barnet sin heimesituasjon, skal ikkje gjevast.

- Det kan oppstå situasjonar der eldre barn har krav på tystnad. Opplysningar kan ein då ikkje gje utan at barnet samtykker.

Rundskriv F-36-98 frå KUF

Vi ber om at skulen får skriftleg beskjed om kven som skal ha innsyn og kven som skal ha innkalling til ulike møter.

## **GRATISPRINSIPPET I SKULEN**

I Opplæringslova §2-5 står det:

"Grunnskoleopplæring skal vere gratis. Kommunen skal ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter knytte til grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald eller andre skoleturar."

## **TRANSPORT AV ELEVAR I SKULEN SIN REGI.**

I samband med gratisprinsippet har ein og presisert kven som kan frakta skuleelevar. Kort sagt må den som driv yrkesmessig persontransport, ha løyve. Det betyr at ordningar med privatskys til ulike ting, så som turar og arrangement i skulen sin regi, ikkje oppfyller skulen si tilsynsplikt etter opplæringsloven. Ved anna transport vil skulen innhenta skriftleg løyve frå føresette.

## **ORDNING AV SKULEDAGEN FOR UNGDOMSSKULEN**

Mån-, tys-, tors- og fredag

**Kl. 08.05-13.40**

Onsdag

**Kl. 08.05-14.10**

## **MÅLFORM I GRUNNSKULEN**

I § 3-1 i grunnskulelova står det:

"Elevane skal ha opplæring i bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av skriftspråka for elevar som får opplæring etter §§ 3-2, 3-3, 3-4 eller 3-6.

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruke det skriftspråket som kommunen har vedtatt som hovudmål for skolen. Foreldra til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skolen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, avgjer kommunen kva skole dei skal få opplæringa på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elevar att i gruppa.

Dersom skolestrukturen i kommunen gjer at elevar må overførast til ein skole med eit anna hovudmål enn elevane hadde på 1. til 4. trinn, har dei rett til å bruke og å få opplæring på det hovudmålet dei hadde. Dei har rett til opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, same kor mange dei er”.

## Trygt og godt skulemiljø

Ifølge ny opplæringslov, som trer i kraft hausten 2024, skal skulemiljøet fremma “inkludering”, i tillegg til helse, trivsel og læring. Det som før hette §9-a, er no endra til §12-2. Du kan lesa meir om endringane i opplæringslova, på [Udir.no sine nettsider](https://udir.no/sine-nettsider).

## KARAKTERAR OG KLAGERETT

Elevane sin klagerett er regulert i forskrift til opplæringslova kap. 10. De finn meir informasjon om dette her:

[§ 10-4. Klage på fastsetjing av standpunktkarakter i fag](#)

[§ 10-5. Klage på vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter i fag](#)

[§ 10-6. Klage på standpunktkarakter i orden og i oppførsel](#)

[§ 10-7. Klage på karakter ved skriftleg eksamen](#)

[§ 10-8. Klage på gjennomføringa av munnleg eksamen og eksamen som ikkje berre er skriftleg eller munnleg](#)

I forskrifta til Opplæringslova står mellom anna dette:

### GRUNNLAG FOR VURDERING I FAG

Om eleven har for stort fråvær frå skulen kan han/ho risikera å ikkje få karakter i eit eller fleire fag. Om ein elev står i fare for ikkje å få karakter i eit eller fleire fag, vil det bli varsla. Dette gjeld uavhengig av om fråveret er dokumentert eller ikkje.

#### §9-1. Vurdering i fag

“Formålet med vurdering i fag er å fremje læring og lærelyst og å gi informasjon om kompetanse undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faga.

Grunnlaget for vurdering i eit fag er kompetansemåla i læreplanen i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen. Elevar og dei som har opplæring i bedrift, skal vere gjort kjende med læreplanen i faget.

Føresetnader, fråvær, orden eller oppførsel skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. Innsats kan vere ein del av vurderingsgrunnlaget berre dersom det følgjer av læreplanen i faget.

Stort fråvær eller andre særlege forhold kan føre til at lærarar og instruktørar ikkje har tilstrekkeleg grunnlag til å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag”.

Om ein elev av desse grunnane ikkje får karakter i eit fag ved avslutning av 10.trinn vil dette telja som 0 ved utrekninga av eit karaktergjennomsnitt.

### **FRITAK FRÅ VURDERING MED KARAKTER**

Det er 4 lovparagrafar som kan vera gjeldande dersom ein ynskjer fritak frå vurdering med karakter. Dette er følgjande:

[§ 9-19.Fritak frå vurdering med karakter for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring.](#)

[§ 9-20. Fritak frå vurdering med karakter for elevar i innføringstilbod m.m.](#)

[§ 9-21.Fritak frå vurdering med karakter i eit av dei norske skriftspråka](#)

[§ 9-23.Fritak frå vurdering med karakter i kroppsøving](#)

Skulen gjer her merksam på at det må søkjast årleg, og at rektor svarer på søknad med enkeltvedtak jamfør gjeldande paragraf.

### **FØRING AV FRÅVER PÅ VITNEMÅLET**

**§9-44. Føring av fråvær i grunnskolen**

“Det skal førast fråvær i dagar og enkelttimar på vitnemålet frå og med 8. trinn. Enkelttimar kan ikkje gjerast om til dagar.

Ein elev eller foreldra til eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet, dersom dei legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Ein elev eller foreldra til eleven kan krevje at opp til ti fråværsdagar i løpet av eit skoleår ikkje blir førte på vitnemålet, dersom

- a. det er dokumentert med legeattest at årsaka til fråværet er sjukdom eller andre helseforhold
- b. eleven har fått godkjent permisjon etter opplæringslova § 2-2 fjerde ledd.

Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vart i meir enn tre dagar for ikkje å bli ført på vitnemålet, og det er berre fråværet frå og med den fjerde dagen som kan strykast. Dersom ein elev har ein dokumentert risiko for fråvær på grunn av nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom, kan fråværet likevel strykast frå og med den første fråværsdagen”.

**SKULEMATERIELL**

- Elevane får ein del utstyr i løpet av skuletida. Dette er meininga skal vara heile skuletida. Dei får det med seg når dei sluttar skulen. Mistar dei noko eller øydelegg det, må dei kjøpa nytt.
- Lærebøkene set vi nå eigarlapp i slik at vi kan sjå korleis elevane tek vare på dei. Alle bøkene må elles ha brede.
- Øydelagde bøker må erstattast. Målet er å få ein praksis der alle tek godt vare på ting, bøker og utstyr.
- Øydelegg elevar ting på skulen (glasruter m.m.) må dei erstattast. Rekning blir sendt heim via kommunekassa.

**EIN MINNER ELLES OM AT:**

- elevane har leksefri etter fri- og planleggingsdagar
- elevane ikkje har lov å gå utanfor skuleområdet i skuletida utan lov frå lærar. (Vakta skal i så fall underrettast).
- Attgløynde klede blir lagt fram v/ trappenedgangen under vestibylen. Klede som ikkje blir henta blir sendt til Fretex, kort tid etter at heim-skulesamtalane er ferdige.
- Klokker, smykker og andre verdisaker som er attgløynde, blir lagt ned til kontorpersonell

**RÅDGJEVAR**

Rådgjevar har som oppgåve å hjelpa deg som elev, spesielt på to område:

**1. Sosialpedagogiske oppgåver:**

Det kan dreia seg om problem med trivselen på skulen eller at motivasjonen for skulearbeid er dårleg. Vidare kan elevar ha ulike personlege og sosiale vanskar å stri med. Ein kan snakka med rådgjevar om konflikhtar angående fag og medelevar eller andre forhold knytt til skulekvardagen.

**2. Vidaregåande skular/yrkesorientering:**

Rådgjevar har ansvar for faget Utdanningsval.

Rådgjevar vil orientera på foreldremøte om dette temaet. Elevane vil både få orientering gruppevis og følgjast opp individuelt.

Vidare vil ein samarbeida med vidaregåande skule med tanke på tilrettelagt opplæring.

Elevane vil få hjelp med søknadane til vidaregåande skule.

Elevane søker sjølv på vigo.no

Det blir arrangert ekskursjonar til yrkesmessa/vidaregåande skular. Dessutan formidlar rådgjevar mykje opplysningsstoff om vidareutdanning.

**Kjersti Stendal Bjerkreim**

Tlf.nr. **51459305**

**HELSESTASJON FOR UNGDOM**



Helsesjokepleiar **Kjellaug Torstensen** er til stades på Vikeså skule alle dagar 08.00- 13.30.

Tlf: 51459325

For meir informasjon om skulehelsetenesta sjå skulen si nettside under føresette og helseteneste.

## BUSSRUTER OG SKYSSREGLAR

Alle elevar får no eit **busskort** frå Kolumbus som dei **MÅ** bruke når dei reiser til og frå skulen. Det er berre på denne strekninga kortet gjeld. Elevar som ønskjer å nytta skulebussen, men ikkje har rett på skuleskyss, må betala.

Busskortet må sjåast på som eit verdidokument! Dersom ein elev mistar det må ein ta kontakt med kontorpersonalet på skulen snarast og få eit midlertidig reisebevis. Dette gjeld som busskort medan ein ventar på nytt kort.

## SKULESKYSS

Stortinget har bestemt at alle elevar som bur meir enn 4 km frå skulen, har gratis skuleskyss.

I tillegg har Bjerkreim kommunestyre bestemt at:

- elevar som bur meir enn 2,5 km frå der dei kan gå på skulebussen, får eit tilskot på kr 16,- pr. dag (indeksregulert) i tida 01.11 - 28.02.
- Dersom ein elev blir sjuk på skulen og ikkje kan bli henta, har han/ho rett til å bli køyrt heim.

## BUSSTIDER

Bussane startar på desse tidene om morgonen:

Birkeland	07.25	Vaule	07.35	Vinningland	07.30
Nedrebø	07.27	Vassbø.....	06.50	Torvholen	07.25
Sundvor	07.15	Ivesdal	07.35	Bjerkreim	07.45
Veen	07.20	Hetland	07.25	Eikeland	07.35
Skjæveland	07.40	Tengesdal	07.30	Hegelstad	07.38
Moi .....	07.25	Bue	07.30	Holmen	07.40

## REGLAR FOR SKULESKYSS

- Eleven skal under heile turen sitja på det setet som blir vald ved påstiging. Eleven må ikkje oppta meir enn ein sitjeplass dersom det er fullt på bussen.
- Under køyring er det ikkje tillate å vandre i midtgangen. Det er heller ikkje tillate å krype over eller under setene. Å sitje på motorkassa, rett bak frontruta o.l. er ikkje tillate.
- Skulebussen køyrer ikkje før 5 min. etter at skuleklokka har ringt. Sjåføren køyrer ikkje før alle elvane har funne seg eit sete og sett seg.
- Bussane skal normalt stå på plass når skuleklokka ringjer.
- Ved påstiging skal sjåføren sjå til at dette skjer på ein sikker og trygg måte. Sjåføren skal stoppa bussen heilt dersom elevane kjem springande mot bussen. Elevane skal ikkje gå utanfor markeringane før bussen har stoppa.
- Under gruppeturar, badekøyring o.l. der lærar følgjer elevane, er det læraren som har hovudansvaret for at elevane følgjer reglane, elles er dette sjåføren sitt ansvar.
- Dersom sjåføren oppdagar at det skjer krenkingar av noko slag under skuleskyssen, skal han reagere umiddelbart. Dersom krenkinga gjentek seg, skal skulen/foreldra informerast. Elevar som krenkar andre eller på annan måte bryt reglane, kan nektast skuleskyss.

Dersom elevane følgjer "Trivselsreglane" og viser vanleg høfleg opptreden på bussen, vil alle elevar og andre passasjerar få ein trygg og triveleg busstur.

## **TRIVSELS- OG ORDENSREGALR PÅ VIKESÅ SKULE**

Som elev har du mange rettar og plikter.

Du har mellom anna rett på:

- å ha det trygt og godt på skulen og på skulevegen
- at alle er høflege og greie mot deg
- at ingen ertar/mobbar deg eller kjem med nedverdige ord/omtale
- å bli behandla rettferdig av lærarane
- at sykkel, ytterklede, veska og andre ting som er dine får vera i fred
- nødvendig ro i timane
- å få pult og stol som passar deg
- å bli teken på alvor og få hjelp av lærarane, dersom nokre av punkta ovanfor er brotne
- nødvendig pausetid

Vær rask med å sei ifrå til skulen dersom nokre av desse rettane vert brotne. Dette kan du gjere via mail/telefon, samtale med vaksne på skulen eller via trivselsundersøkinga som vert gjennomført 2 gonger pr. skuleår i samband med heim-skule samtalane.


### *Friminutt / midttime*

1. Midttimen er på ulik tid for barnetrinnet og ungdomstrinnet. Midttimen startar med 20 min. matpause. I matpausen skal alle vera i sitt baserom. Det gjeld og for dei som er i andre rom med midttimen mellom timane. Unntak er dei som er på skulekjøkken. Ingen går ut før etter 15 minutt, dersom dei ikkje har avtale med vaksen
2. I midttimen og i friminutta skal ingen vera på baseromma. Unntak er tilfelle der du har avtale med ein lærar om øving eller liknande, eller ved større prøvar. Vaktene skal ha beskjed om slike avtalar.
3. Alle har godt av å vera ute i frisk luft, difor oppfordrar vi alle til å gå ut i friminutt og midttime.

Skulen viser elles til orden- og åtferdsreglementet som vart utarbeidd i kommunen 2021. Revidert utgåve vil kome hausten 2024 revidert etter ny opplæringslov. Skulereglane vil bli kunngjort etter at kommunestyret har vedteke dei.

*Után tryggheit - ingen trivsel*

*Után trivsel - inga læring*



# VISJON

## VIKESÅ SKULE



Me vil vera med å gje elevane  
røter og venger  
slik at dei blir i stand til å meistra livet